


List of Signatures

Page 1/1

 **Protokoll_Styremøte 7. februar 2024_070224.pdf**

Name	Method	Signed at
Nævdal, Terje Bakke	BANKID	2024-04-09 10:48 GMT+02
Øvstetun, Ernst Ståle	BANKID	2024-04-04 14:40 GMT+02
Ovrid, Marianne	BANKID	2024-04-04 12:31 GMT+02
Hovland, Jøril	BANKID	2024-04-02 16:39 GMT+02
Skrede, Åge	BANKID	2024-04-02 14:20 GMT+02
Alvik, Dagny Karin Ugulsvik	BANKID_MOBILE	2024-04-19 08:30 GMT+02
Lervik, Birgit Olaus	BANKID	2024-04-18 12:06 GMT+02
Hønsi, Torunn Gauteplass	BANKID_MOBILE	2024-04-09 17:40 GMT+02



This file is sealed with a digital signature. The seal is a guarantee for the authenticity of the document.

External reference: 9CE9CA8B0FA84302A4E099E8C3F47D55

Styremøte 7. februar 2024

ons. 07 februar 2024, 09:30 - 14:30

Festingdalen

Deltakere

Styremedlemmer

Dagny Alvik (Direktør), Torunn Hønsi (Styreleiar), Jøril Hovland (Styremedlem), Åge Skrede (Styremedlem), Birgit Lervik (Styremedlem), Ernst Ståle Øvstetun (Styremedlem), Marianne Ovrid (Styremedlem), Terje Bakke Nævdal (Nestleiar)

Møteprotokoll

1/24

Godkjenning av innkalling og sakliste

Innkalling og sakliste vart godkjent

Beslutning

Dagny Alvik

2/24

Godkjenning av referatet frå styremøtet den 14.12.23

Referatet frå styremøtet den 14.12.23 vart godkjent og signert elektronisk

Beslutning

Dagny Alvik

3/24

Driftsorientering

Administrasjonen orienterer om drift og pågåande saker

Styret tek orienteringa om drifta og pågåande saker til vitande

[Sak 3.24 Driftsorientering styremøte 07.02.24.pdf](#)

Orientering

Dagny Alvik

4/24

Foreløpig regnskapsrapport for 2023

Regneskapen for 2023 viser eit underskot på 3,7 mill. Dette er 0,9 mill betre enn budsjett, men 3,8 mill under fjoråret. Me har budsjettert med underskot for å bygge ned fond på hushaldning. Omsetninga i år er på 88,8 mill. Dette er ein auke med 3,5 mill frå 2022 og 2,1 mill over budsjettert omsetning. Kostnadane har auka med 7,3 mill. Finanspostane har auka med 1,3 mill, som følgje av auka rentekostnader

Styret tek foreløpig regnskapsrapport til vitande med dei endringar knytta til etterdriftsfond og meir informasjon om auken i personalkostnader som vart drøfta i møtet.

[Sak 4.24 Foreløpig regnskap for 2023.pdf](#)

[Regnskapsrapport desember 2023.pdf](#)

Orientering

Aud Beheim

5/24

Orientering om Nyrstarsaka uoff. Jf. offentleglova § 15 2. ledd og § 18

Administrasjonen orienterte om status i saka. Miljødirektoratet har kome med varsel om pålegg som kun er retta mot SIMAS. Slagget kan bli liggande med ekstra tildekkingsiltak.

Styret tek orientering om oppfølging av saka til vitande. Styret meiner at kostnadane med tiltaka bør vere eit

Orientering

Dagny Alvik



This file is sealed with a digital signature. The seal is a guarantee for the authenticity of the document.

Document ID:
9CE9CA8B0FA84302A4E099E8C3F47D55

solidarisk ansvar mellom partane, og meiner også at ansvaret som myndigheitene har bør fremjast. Styret ber administrasjonen om å svare ut varsel om pålegg som drøfta i møtet.

- [Sak 5.24 Orientering om Nyrstarslaget.pdf](#)
- [Utkast til pålegg etter forureiningslova om tiltak - Simas IKS.pdf](#)
- [Varsel om pålegg etter forureiningslova til Simas IKS og Nyrstar Høyanger AS.pdf](#)

6/24

Diskusjon

Dagny Alvik

Strategiarbeid - status, handlingsplanar og vidare arbeid

Gjeldande strategiplan vart vedteken i 2022, og gjeld fram til og med 2025. Handlingsplanane som vert laga kvart år skal sikre at vi følgjer opp strategiplanen. Det meste av det som var planlagt i 2023 er gjennomført, og det er laga ny handlingsplan for 2024.

Som eit ledd i det vidare strategiarbeidet har leiargruppa kartlagt kva moglegheiter og utfordringar som vi har i SIMAS. Det har skjedd ei stor endring i krav og forventningar til avfallsbransjen dei siste åra, og dette vil fortsetje i raskt tempo. Samtidig har vi forventningar og krav frå eigarane våre om å halde kostnadane nede. Korleis kan vi jobbe smartare og meir effektiv, auke innteninga og samtidig redusere kostnadane?

Administrasjonen arbeider vidare med kartlegging og tiltak basert på drøftingane i styret. Leiinga inviterer til fagdagar for det nye styret der det vert informert om drift og verdikjeder, utvikling og utfordringar og moglegheiter i dei ulike avdelingane.

- [Handlingsplan 2023.pdf](#)
- [Handlingsplan 2024.pdf](#)
- [Oppsummering workshop - utfordringar og moglegheiter i SIMAS.pdf](#)

7/24

Orientering

Dagny Alvik

Orientering om Sirkla Ressurs AS

I samband med at noverande dagleg leiar vil gå av frå 1/3-24 grunna sviktande helse, og signal frå SIMAS om at ein skulle nytte anledninga til å sjå på framtidig organisasjonsmodell, har det vore ein god prosess i styret til Sirkla. I drøftingane vart det særleg lagt vekt på at for Sirkla AS - med små marginar og arbeid inn mot næringsmarknaden - er det særst viktig med ein dedikert leiar. Det er gjort ein flott jobb i selskapet fram til no, og ein eigen DL for selskapet er viktig for å ha trykk på vidare utvikling og vekst. Prosjekt- og utviklingsleiar i Sirkla har fått tilbod om å overta som dagleg leiar.

Styret i Sirkla legg og til grunn at ein i det vidare arbeidet ser på administrativ bistand frå morselskapet - slik at ein kan frigjere ressursar i Sirkla til å arbeide med utvikling. Det er og potensialet med eit tettare og betre samarbeid i f t drift mellom dotter og morselskapet.

Foreløpige tal på årsomsetning er på 19,1 mill, noko som er nær 0,47 mill over budsjett og 2,9 mill over fjoråret. Resultat før skatt er på omlag 110', og 450' under budsjettert resultat.

Styret tek informasjonen om Sirkla Ressurs til vitande

- [Sak 7.24 Orientering om Sirkla Ressurs AS.pdf](#)
- [Bakgrunnsnotat til styremøtet i Sirkla_Organisasjonsstruktur SIMAS og Sirkla.pdf](#)

8/24

Diskusjon

Dagny Alvik

Styret si årsmelding - utkast/innspeil

Styret si årsmelding følgjer av krava til forsvarleg rapportering til eigarane.

Administrasjonen utarbeider forslag til endeleg årsmelding basert på drøftingane i styret til neste styremøte

- [Sak 8.24 Styret si årsmelding.pdf](#)
- [Vedlegg sak 8.24_Utkast - Årsmelding 2023.pdf](#)
- [Vedlegg SIMAS_Likestillingsutgreiing_2023.pdf](#)



This file is sealed with a digital signature.
The seal is a guarantee for the authenticity
of the document.

Document ID:
9CE9CA8B0FA84302A4E099E8C3F47D55

9/24





Rapport internkontroll/HMS

Diskusjon

Anne Sigrid Harjo

Internkontrollforskrifta §5 ledd 8 krev at ein skal foreta systematisk overvaking og gjennomgang av internkontrollen minst ein gong i året for å sikre at den fungerer som tenkt. Dette skal også opp i styret. Det er gjort ein internrevisjon av HMS-systemet av HMS-og kvalitetsleiar i forkant som er gjennomgått i leiargruppa og i AMU. Mål og årshjul for HMS-arbeidet er sett opp.

Styret tek rapporten til vitande og ber administrasjonen å følgje opp arbeidet med internkontrollen i samsvar med dei konkrete måla som er sett.

-  Sak 9.24 Rapport internkontroll HMS 2023.pdf
-  Vedlegg 1 23 Årleg gjennomgang av HMS-systemet.pdf
-  Vedlegg 2 HMS-mål 2024_ versjon med oppsummering.pdf
-  Vedlegg 3 HMS årshjul 2024.pdf

10/24

Styret vurderer direktør og seg sjølv



Diskusjon

Dagny Alvik

I samsvar med årsplan til styret i SIMAS IKS skal ein årleg gjennomføre ei vurdering av direktør og styrets arbeid. Dette som ein del av eigenoppgava til styret. Rapport frå evalueringa vert lagt fram.

Styret tek evalueringsrapporten til vitande, og føresler følgjande tiltak:

1. Det er viktig at styret blir godt kjent med både kvarandre og drifta i SIMAS. Det blir arrangert fagdag etter at nytt styre er valt.
2. Det blir sett av meir tid til styremøta for å sikre tid til gode drøftingar.
3. Evaluering av direktør blir flytta til styremøte til hausten.
4. Det vert innført kort evaluering etter kvart styremøte
5. Ved val av nye representantar bør valkomiteen tenkje på alderssamansetjing, og at komunalteknisk kompetanse bør erstattast.

-  Sak 10.24 Styret vurderer direktør og seg sjølv.pdf
-  Vedlegg Styret vurderer seg sjølv og direktør sitt arbeid.pdf

11/24



Gjennomgang og evaluering av etiske retningslinjer

Diskusjon

Dagny Alvik

I samsvar med årsplan til styret i SIMAS IKS skal ein årleg gjennomføre ei evaluering av dei etiske retningslinjene i SIMAS. Dette som ein del av kontrolloppgava til styret. I tillegg vert dei etiske retningslinjene drøfta i leiargruppa og i AMU.

Styret godkjenn dei etiske retningslinjene slik dei ligg føre.

-  Sak 11.24 Gjennomgang og evaluering av etiske retningslinjer.pdf
-  Etiske retningslinjer - SIMAS.pdf

12/24

Kva servicegrad skal SIMAS ha på sine tenester?

Diskusjon

Dagny Alvik

Med fleire eldre buande heime, og større bilar som samlar inn avfallet effektivt, vil det bli behov for meir tilrettelegging av tenestene. Administrasjonen ynskjer å drøfte med styret kva oppgaver som ligg til SIMAS som renovasjonsselskap, og kva servicenivå SIMAS skal ha på sine tenester.

SIMAS følgjer nyleg revidert og vedteken forskrift og må planlegge renovasjonsruter i eigarkommunane ut frå køyrbar veg. SIMAS har i sitt mandat eit ansvar for innsamling av avfall på ein samfunnsøkonomisk, sikker, miljø- og ressursmessig best mogeleg måte.


I dialog med kommunane kan det tilretteleggast med andre ordningar for renovasjonsavviklinga, som felles oppsamlingsløyser ved køyrbar veg. Eit eventuelt ekstrarbeid med trilling av behaldarar, vil gje auka kostnader for abonnentane og gje større arbeidsbelastning for renovatørene. Kostnadane for SIMAS vil auke,



This file is sealed with a digital signature.
The seal is a guarantee for the authenticity
of the document.

Document ID:
9CE9CA8B0FA84302A4E099E8C3F47D55

og må evt fordelast ut på alle SIMAS kundane si abonnementsavgift. Styret meiner at sistnemnde ikkje er ønskeleg, men at erfaringar frå kommunar som har løyst utfordringar for enkelthusstandar på andre måtar med fordel kan delast.

 Sak D 12.24 Kva servicegrad skal SIMAS ha på sine tenester.pdf



This file is sealed with a digital signature.
The seal is a guarantee for the authenticity
of the document.

Document ID:
9CE9CA8B0FA84302A4E099E8C3F47D55